



Retningslinjer for tilskot til ungdomstiltak

Formål

Pengane skal brukas til å styrka oppvekstmiljøet til barn og unge i aldersgruppa 13-20 år, som bur i Samnanger kommune. Tiltaka skal bidra til fritidsaktivitetar eller fritidstilbod for målgruppa.

Kven kan få støtte

Frivillige lag og organisasjonar, grupper, klubbar og einskildpersonar kan søka. Søkar må bu i Samnanger kommune. Tiltak for ungdom, driven av ungdom, vil verta prioritert.

Kven får ikkje støtte

- Kommersielle tiltak
- Landsomfattande- eller regionale organisasjonar
- Tiltak som er vorte støtta frå andre kommunale tilskotsordningar
- Det vert ikkje gjeve tilskot til løn

Krav til bruk av midlane som blir delt ut:

- Tiltaket skal støtta formålet med tilskotsordninga
- Tiltaket skal vera ope for alle
- Tiltaket skal vera gratis, eller lite kostnadskrevjande
- Målgruppa må vera involvert i søknaden
- Tiltaket bør arrangeras i offentlege lokaler, lagshus eller utandørs

Følgjande informasjon må vera med i søknaden:

- Kven som søker tilskot
- Skildring av kva ein søker tilskot til
- Varighet
- Kor mange ein trur vil nytta seg av aktiviteten/tilbodet
- Korleis målgruppa er involvert i prosjektet
- Finansieringsplan
- Kostnadsoversikt
- Om prosjektet er vorte støtta av andre tilskot
- Søknadsbeløp

Krav til søkar:

- Søkar må vera over 18 år
- Det skal søkast om tilskot i eige skjema som ein finn på www.samnanger.kommune.no

Søknad og handsaming

I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2021 (kommunestyresak 104/2020 den 03.12.2021) går det fram at det i 2021-budsjettet er sett av 50 000 kroner til ei tilskotsordning til ungdomstiltak, der tildeling skal gjerast av ungdomsrådet.

Støtta vert basert på innkomne søknader vurdert oppmot føringane i *Retningsliner for tilskot til ungdomstiltak*. Det er ikkje sett krav til kva ein kan søka om tilskot til. Ein kan søka om det meste, så lenge retningslinene vert følgde. Tanken er at terskelen for å søka skal vera lav, og at kreativiteten ikkje skal verta stoppa av for mange kriterium.

At ein får støtte det eine året betyr ikkje at ein får støtte neste år. Mangelfulle søknader vert ikkje handsama.

Kontroll og ettersyn

Søkjaren vert skriftleg gjort kjend med vedtaket i Ungdomsrådet. Kulturavdelinga har rett til å kontrollera at tilskotet vert nytta som føreset i søknaden. Dersom det vert gjeve urette opplysningar og/eller ein bryt med retningslinene for tilskot, kan kommunen krevja tilskotet tilbakebetalt.

Søknadsfrist er 20. mars kvart år.